

Til årsmøtet i foreininga
Idrettslaget Skarphedin

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Idrettslaget Skarphedin, som er samansett av balanse per 31. desember 2013 og resultatrekneskap som syner eit årsunderskot på kr 780 for hovudstyret og eit samla årsoverskot på kr 1 101 249 i følgje totalrekneskapen for heile foreininga for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med Rekneskaps- og Revisjonsreglane til Noregs Idrettsforbund og Lova til foreininga, og for slik intern kontroll som styret finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen. Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med Rekneskaps- og Revisjonsreglane til Noregs Idrettsforbund og Lova til foreininga og gir eit rettvissande bilete av den finansielle stillinga til Idrettslaget Skarphedin per 31. desember 2013 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av foreininga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med rekneskapsreglane for Noregs Idrettsforbund.

Foreininga har ikkje behandla skattetrekksmidlar i samsvar med bestemmelsane i skattebetalingslova § 5-12.

For ordens skuld vil vi presisere at foreiningas budsjett ikkje er omfatta av revisjonen.

Bø, 28. april 2014

ERNST & YOUNG AS



Leif Tore Bakkemoen
statsautorisert revisor